



VERDSARV

Vestnorsk fjordlandskap

Aurland/ Geiranger, 11.april 2016.

Framlegg til forskrift om tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap - uttale frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

Innleiing

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005 som Noreg sin fyrste og til no, einaste naturarv. Verdsarvstatusen er fyrst og fremst tufta på geologi og geologiske prosessar over millionar av år, men busetnad og menneskeleg aktivitet i fortid og notid tilfører naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og forsterkar statusen.

UNESCO sin Verdsarvkomite slo vidare fast i sitt vedtak : *"Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, fortrinnlig velutviklede fjorder og anses å være typelokalitet for verdens fjordlandskap. Området framviser alle elementer av landformer knyttet til de indre delene av to av verdens lengste og dypeste fjorder.*

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdene regnes blant de aller vakreste fjordlandskapene på kloden."

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap som vart etablert i januar 2006 har som si fremste oppgåve å arbeide for ivaretaking og fremjing av verdsarvstatusen tildelt Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet i fellesskap.

Rådet er samansett av ordførarane frå Stranda, Norddal, Aurland, Vik, Voss og Lærdal kommunar, fylkesordførarane frå Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland samt fylkesmennene frå dei før nemnde fylka. Miljødirektoretatet, Riksantikvaren og Klima- og Miljøverndepartementet har møte – og talerett.

Denne uttalen gjeld for ordens skuld den av høyringsnotatet som omhandlar verdsarvmidlane til Vestnorsk fjordlandskap og Vegøyan.

Tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap.

I samband med innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap på verdsarvlista er det som nemt framheva at kulturlandskapet tilfører området ein kulturell dimensjon, som både utfyller og aukar verdsarvstatusen. Eit sjølvgåande husdyrbasert landbruk er vesentleg for å oppretthalde denne statusen og soleis den einaste realistiske løysinga for å ta vare på kulturlandskapet i området. Eit levande landbruk er og i mange høve avgjerande for vidare busetnad/ lokal samfunnsutvikling i grender og dalføre som verdsarven femner over.

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet er eit svært attraktivt reisemål som årleg vert vitja av bortimot ein trekvart million gjester. Fjord- og fjellandskapet er i reiselivssamanhang Noreg sitt

fremste fyrtårn. Vakre og maleriske bilete av verdsarvfjordane pregar internasjonale kampanjar i regi av både Innovasjon Norge og Fjord Norge.

Bevaring av kulturlandskapet har sidan innskrivinga på verdsarvlista i 2005 vore ei viktig og prioritert sak for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap. Etter oppmøding og møter med 5 departement (KLD, LMD, NHD, KRD og KKD) hausten 2006, tok VAR i samarbeid med Vegaøyane initiativ til å utarbeide ein tiltaksplan for bevaring av kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyane.

Tiltaksplanen fremjar 4 bidragsordningar som kjem i tillegg til andre tilskotsordningar over landbruks- og miljøforvaltninga. Desse skal styrke driftsgrunnlaget og - økonomien til aktive bruk i og ikring Verdsarvområdet:

1. **Arealbidrag** - skal styrke årleg slått og skjøtsel av jordbruksareala.
2. **Beitebidrag** - skal styrke og sikre beiting med husdyr.
3. **Investeringsbidrag** – skal motivere for, samt sikre toppfinansiering av, naudsynte investeringar i driftsbygningar/ driftsapparat.
4. **Kulturbidrag** – skal motivere for å ta vare på kulturlandskapselement og kulturlandskapsverdiar. Bidraget skal gjøre det økonomisk interessant å ta vare på samfunnsverdiar som er viktige for heilskapen og mangfaldet i kulturlandskapet.

Ordninga vart operativ hausten 2008. Pr. i dag er det etablert økonomi til dei to første bidragsordningane - arealbidrag og beitebidrag. Her stiller LMD over jordbruksavtalen og KLD over sine budsjettpostar med høvesvis kr. 1,225 mill. og kr. 1,0 mill. til kvart delområde. Midlane er ikkje justert eller auka sidan 2008.

Gjennomføringa av tiltaksplanen er tufta på ei målsetjing om forenkling og redusert byråkratiet – både for brukar/ avtalepart og forvaltninga. Midlane avsett til dette føremålet er i nasjonalt perspektiv svært moderate og regime kring forvaltninga av midlane lyt difor vere tilsvarende effektiv og målretta. Fylkesmennene si landbruksavdeling i Sogn og Fjordane/ Møre og Romsdal fekk difor oppdraget med å handterer ordninga i samarbeid landbruks-/ næringskontor og etter samråd med VAR. Midlane vert fordelt til brukarane i samsvar med inngått avtale og utarbeidde skjøtselplanar. Avtalene er friviljuge men ved signering aksepterer brukaren ei rekke vilkår og forpliktingar. Avtalane står ved lag så lenge partane leverer, det er ikkje naudsynt med årlege søknader . Interessa for å inngå avtale er stor, til tider meir enn kva ordninga økonomisk sett kan møte.

Oppfølging skjer gjennom årlege besøksrundar til brukaren kor repr. for forvaltninga og verdsarvsekr./ verdsarvrådet deltek. Desse møta mellom avtalepartane er meir tufta på dialog og rettleiing enn tradisjonell og forvaltningsmessig kontroll og tilsyn. Denne dynamiske samhandlinga opplever vi som svært føremålstenleg og nyttig – for både brukar/ avtalepart og forvaltning.

Røynslene etter snart 8 år med praktisering er svært gode. Evalueringar i 2010 syner at ordninga har positiv effekt. Direkte tilbakemeldingar frå brukarane syner og at dette er ei særskilt viktig ordning som medverkar til å oppretthalde den aktive landbruksdrifta og skjøtsel av eit arbeidskrevjande kulturlandskap. I mange høve opplyser brukarane at ordninga er avgjeraande for vidare satsing og utvikling av landbruksdrifta. Frå same hald vert det samstundes peika på at tilskotsordninga må ha eit langsiktig perspektiv.

Slik regime er no tyder alt på at midlane vert nytta i samsvar med vilkår for tildelinga og føremålet med tiltaksplanen. I lys av det om er nemnt over er den største utfordinga auke i midlane, ikkje korleis dei vert fordelt.

Med dette som bakteppe er det vanskeleg å sjå kva som er grunnlaget for å fremje ei forskrift som:

- I nasjonalt målestokk - er retta mot ei sopass lita og håndterleg målgruppe.
- Ikkje omtalar to andre viktige bidragsordningar i tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan - investeringsbidrag og kulturbidrag
- Regulerer berre om lag halvparten av verdsarvmidlane (*Framlegg til forskrift gjeld ikkje verdsarvmidlane over KLD sitt budsjett*)
- Endrar ei praktisering som på alle måtar ha synt seg å vere i samsvar med føremål og målsetjingar.
- Aukar søknadsmengd- og frekvens hjå brukarane/ avtalepartane.
- Aukar forvaltnings- og transaksjonskostnadane.
- Omhandlar i ei felles forskrift så ulike ordningar som utvalde naturlandskap og verdsarvområda

I sum bryt dette framlegget og samstundes med ei anna satsing på nasjonalt hald – ”*Forenkling av jordbruksavtalens virkemidler.*”

Konklusjon

Verdsarvrådet ser det som ei langt betre løysing å halde ved ordninga som ein har i dag med avtalar direkte med brukarane, enn å innføre ei forskrift slik det no vert gjort framlegg om. Innsatsen må i staden rettast mot å auke løyvingane i eksisterande ordningar samstundes som investeringsbidraget vert etablert med økonomi.

Dersom det likevel vert avgjort å innføre framlegget til forskrift, er den naturlege geografiske avgrensinga av området grensene for verdsarvområda slik dei går fram av UNESCO si innskriving (jf framlegget til § 2), og ikkje vise til Naturbase. Ei slik avgrensing er i tråd med slik noverande ordning med avtalar vert praktisert.

Leiar Verdsarvrådet

Hans Erik Ringkjøb
sign.

Nestleiar Verdsarvrådet

Jan Ove Tryggestad
sign.

Kopi:

- Kommunane Aurland, Vik, Voss, Lærdal, Stranda og Norddal.
- Fylkesmannen i Sogn og fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal
- Miljødirektoratet